



Renovasjon

ÅRIM har ansvar for all dagleg kundekontakt, avviksmeldingar m.m. Tlf.: 70 31 41 00.

Tinging av dunkar skal skje til Skodje kommune, servicekontoret, tlf. 70 24 40 00.

Slam

ÅRIM har ansvar for all dagleg kundekontakt, tømning av septiktankar, avviksmeldingar m.m. Tlf. 70 31 41 00.

Hageavfall

Hageavfall kan leverast gratis på Prestemarka, sør for gartneriet. Dette gjeld greiner, busker og røter. Ikkje gras eller anna hageavfall.

Bingsa

Ta godt vare på kortet for levering av avfall til Bingsa.

Det kostar kr 250,- å få nytt kort frå Skodje kommune.

Brøyting

Dei som ynskjer å få sin private veg brøyt av Skodje kommune, kan søkje kommunen om dette innan 30.09.2014.

Vegen skal vere over 50 m og ha snuplass i enden.

Søknadsskjema får ein på servicekontoret, eller på skodje.kommune.no.

NB: Skodje kommune kan **ikkje** utføre brøyting av private vegar i **Skodjebygda** (frå Straumen til Furlia), grunna kapasitetsmangel.

Trygg skuleveg

Hugs at fri sikt i vegkryss og avkøyrslar er grunneigar sitt ansvar.

Offisiell opning av Gamle Vågsbru

Gamle Vågsbru er nyrestaurert, og det vil vi markere med ei kultursamling **søndag 21. september**.

Samlinga vil bli todelt:

Kl. 14.00: Oppmøte i Dragsundet. Her vil det bli orientert om ulike kulturminne i området før felles vandring i Ivar Aasenråsa over til Gamle Vågsbru. Vi trur også det vil passe å stoppe opp med nokre «stubbedikt».

Kl. 15.00: Samling ved Gamle Vågsbru. Her blir det offisiell opning av brua med orientering om restaureringsarbeidet. Det vil også bli servert kaffi og kaker.

Dei som vil vere med på heile samlinga, kan parkere i Dragsundet. For dei som berre vil delta under samlinga på brua, er det råd å parkere oppe ved Plassebakken barnehage.

«Skodjerittet»

Laurdag 13. september er det klart for det femte Skodjerittet. Dette er eit sykkelritt for alle uansett form og sykkel, med mål om å fremje glede ved fysisk aktivitet.

Rittet er på ca 2 mil. Det går rundt Engesetdalsvatnet via Straumen, Stette, Engesetdalen og Fylling – med start og mål ved Gomerhuset. Skodjerittet er eit sykkelritt for lag på minimum 2 personar. Utfordre familien, kollegaer, venner, eller nabolaget, og bli med! Premie for beste tid, kreativ pris, MOT-pris og premietrekning.

Det vert også arrangert to sykkelritt for born i forkant av lagrittet. Desse startar ved barneskulen og har 2 nivå. Det enklaste foregår for det meste på asfalt rundt barneskulen, og det vil vere mogleg å gjennomføre med støttehjul og på trehjuls sykkel. Eit meir krevjande barneritt går gjennom delar av lysløypa. På barna sine sykkelritt får alle premie for deltaking!

Påmelding og registrering til ritta skjer i billett-luka på Gomerhuset.

Påmelding av lag til Frisklivssentralen; aase.bolstad@skodje.kommune.no eller tlf. 70 24 40 39. Me set også pris på om fleire vil stille som frivilljuge funksjonærar.

Skodjerittet er eit samarbeid mellom Fjell & Sykkelservice, Puls'n, Frisklivssentralen og Barneidrettsgruppa. Vi ynskjer store og små velkomne til å delta!

Kulturminnedagane

13.-21. september

Kulturminnedagane blir markert i september kvart år og er den største felles feiringa av kulturarv i Europa.

Norges kulturvernforbund står for nasjonal marknadsføring og koordinering av Kulturminnedagane i Noreg.

Tema i år er «Den store reisen – 200 års samfunnsutvikling».

I Skodje kommune har vi dei siste par åra arbeid med ein kulturminneplan, og vil bruke kulturminnedagane til slikt fokus og markeringar:

13.-14. sept: Kommunal stand under Skodjedagane: Kva for kulturminne bør vi ta vare på i Skodje?

16.-19. sept: Undervisningsopplegg ved dei tre barneskulane: «Finn spor frå fortida» v/John Roald Pettersen.

21. sept: Offisiell opning av Gamle Vågsbru.

Kulturveka 2014

Kulturveke i Skodje oppstod saman med Gomerhuset, og i år er det femte gong at Kulturveka vert arrangert.

Rammene i år er slik:

Tys 28.10: Jubileumskonsert med Skodje blandakor (120 år)

Ons 29.10: Arrangement v/Skodje jeger- og fiskarforening. Møte med naturfotograf Bjørn Brendbakken.

Tors 30.10: Seniorkveld v/Skodje Pensjonistlag. Bjørø Håland mm.

Fre 31.10: Ungdomskveld på Gomerhuset v/ ungdomsrådet

Fre 31.10: Gourmetkveld på Nerskøyløa m/ vinsmakarkurs. Arr: Bjørn Nedreskodje

Lau 01.11: Ope bibliotek 12-16. Kl 13: Forfattar Ingunn Røyset vil lese og fortelje frå boka «Prins Storm». For barn i barnehage- og småskulealder.

Lau 01.11: Humorkveld v/ Skøye Teaterlag og inviterte humorlag.

Lau 01.11: Dans i idrettshallen v/ Skodje blandakor

Søn 02.11: Konsert med Skodje skulekorps, truleg i samarbeid med Skodje kulturskule m.fl.

NB! Årets Eldsjelpreis vil bli delt ut under eitt av arrangementa.

Litt av kvart

Eldsjelpris

Skodje kommune ønsker forslag på kandidatar til eldsjelpris for 2014. Forslaga skal vere grunngeve.

Eldsjelprisen skal gå til personar som har ytt stor friviljug innsats i kommunen.

Meir informasjon og statuttar for eldsjelprisen finn du på skodje.kommune.no (under «Kultur og idrett»).

Loppemarknad

13. og 14. september på Gomerhuset

Ope: 12:00-18:00 begge dagar

Skodje skulekorps treng lopper!

Loppemarknad er arenaen for gjenbruk – her kan du levere lopper eller finne nye skattar.

Vi tek i mot det meste av ting og tang, så sant det er brukande og enkelt å handtere.

Lopper kan leverast på Gomerhuset, Skodje, fredag 12. september frå kl. 18:00

Har du lopper, men treng hjelp til å frakte dei, kan du ringe vår kontaktperson Kjell Arne Moe på mobiltelefon: 97 70 93 53

Arr.: Skodje Skulekorps/
SkodjeDagane 2014

Metall-innsamling

Skodje Bondelag har starta innsamling av metallavfall. Container ved fellesfjosen på Reitereset. Alle kan levere store og små gjenstandar gratis.

Har du spørsmål, eller treng du hjelp, ring 480 22 299.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 9. desember. Frist for innlevering til dette nummeret er 2. desember.

SkodjeDagane 2014

Skodje skulekorps starta i 1984 tradisjonen med stor messe på Skodje og vi er stolt over å markere 30-årsjubileum i år. Messa har vore arrangert kvart år sidan 1984. Kjell Vidhammer og Paul Birger Tysnes var sentrale og engasjerte karar som i lag med styret i skulekorpset arrangererte SkodjeDagane for første gong hausten 1984, deretter har dette vorte ein tradisjon kvart år i midten av september. Messa starta i det små og har etter kvart vakse seg så stor at det dei siste åra har vore trengt om plassen for utstillarar både ute og inne.

Utstillarane kjem frå heile fylket og messa har etterkvart fått ord på seg for å vere ei kvalitetsmesse.

Skodjerittet, sykkelritt for store og små, vert det i år også. Om vêret er i godlune har vi eit stort hoppeslott for dei minste, elles vert det ymse oppvisingar ute og underhaldning frå scene inne i messehallen. Vi får sjå både sykkeltriksing, tryllekunstar og høyre vakker song.

Unge talent frå Skodje og Ålesund får høve til å vise seg fram og vi vonar at publikum tek godt i mot dei.

Messa er viden kjend for sine gode kaker og vi har i år drista oss til å ha ein uhøgtidleg kakepyntekonkurranse med 3 deltakarar, som for open scene skal pynte kake og få vurdering frå dommarpanelet (sjølv sagt er det lidenskaplege kakekjennarar).

Kafeen fristar begge dagane med kaker og middag.

Tradisjonen med SkodjeDagane klarer vi å bere vidare takka vere engasjerte korpmedlemmar og foreldre. I tillegg har vi mange friviljuge hjelparar med tilknytning til korpset som baker kaker og stiller opp på dugnad denne helga og desse fortener stor takk. Ein stor takk også til Skodje kommune, og kultursjef Magne Fylling spesielt, for at de legg så godt til rette for arbeidet vårt.

Denne helga legg grunnlaget for korpøkonomien. Like mykje vonar vi at det skal vere eit aktivitetsbidrag som set Skodje på kartet og verkar positivt for innbyggjarane i Skodje. Mange utflytta nyttar denne helga til heimkome-helg.

Vi ønskjer vel møtt til trivelege dagar 13. og 14. september.

PROGRAM

LAURDAG

- 12:00 Messehallen opnar
- 12:00 Kafe frå 12:00-18:00
- 13:00 Offisiell opning ved Kjell Vidhammer og Trond Otto Berg
- 13:30 Påmelding til Sykkelritta (Barnerittet, Skodjerittet) fram til 14:30 (i billettluke ved inngang A)
- 13:10 Skodje skulekorps spelar
- 14:00 Start Barnesykkelritt (nivå 1) ved Skodje barneskule
- 14:15 Start Barnesykkelritt (nivå 2) i lysløypa
- 14:45 Sykkeltriksing v/ unge lovande Elias Høyberg
- 15:00 Trylling frå scena ved to unge talent frå Ålesund fram til kl 16:00
- 15:00 «Sprek og varm med Puls'n»
- 15:30 Lagstart Skodjerittet
- 16:00 Eventyrstund i biblioteket v/ Bodil Grindvik Uri
- 17:00 Premieutdeling sykkelrittet, samt trekning på startnummer
- 17:30 Trekning på inngangsbilletten – premier frå utstillarane
- 18:00 Dørene stenger for dagen.

SØNDAG

- 12:00 Messehallen opnar
- 12:00 Kafe frå 12:00-18:00
- 13:00 Skodje skulekorps spelar
- 13:15 Trøaktorløp i samarbeid med Skodje Bondelag (fram til kl 13:45)
- 13:45 Song av Helene Stette Stenseth/ Sofie Stenseth Stette
- 14:00 Eventyrstund i biblioteket v/ Bodil Grindvik Uri
- 15:00 Trekning nr. 1 på dagens inngangsbillett
- 15:15 Skodje brannvesen - demonstrasjon
- 15:30 Song av Helene Stette Stenseth / Sofie Stenseth Stette
- 15:45 Trylling frå scena ved dei unge talenta frå Ålesund fram til kl 16:45
- 17:00 Kakepyntekonkurranse på scena – i samarbeid med Skøyte Teaterlag, Skodje Bondelag og mjølkebøndene på Sunnmøre
- 17:30 Trekning nr. 2 på dagens inngangsbillett – premier frå utstillarane
- 18:00 SkodjeDagane 2014 stenger dørene og takkar for i år.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no